



Rapport 2019

Årdal Utvikling



1. Forord

Årdal kommune sin overordna visjon er at Årdal skal vere ein god stad å bu, leva og arbeida. Årdal Utvikling er kommunen sitt verktøy for å gjennomføre strategisk næringsplan. Gjennom dette arbeidet støtt Årdal Utvikling opp om visjonen til kommunen, ved å bidra til berekraftig næringsutvikling med fokus på å leggja tilhøva til rette for høg livskvalitet, gode utdanningsmogelegheiter og nye arbeidsplassar i eit variert og framtidretta næringsliv. Den viktigaste ressursen i dette arbeidet er likevel næringslivet sjølv.

I rapporten for 2019, får de eit lite inntrykk av kva Årdal Utvikling arbeider med, og kva utfordringar kommunen står framføre. Strategisk Næringsplan og handlingsplanen for 2019, gjev grundig informasjon om kva prosjekt som har hatt fokus i året som har gått. Årdal har vore inne i ein positiv trend når det gjeld utvikling av Arbeidsplassar sidan 2015. Vi trur denne trenden vil halde fram mot 2021. Skatteinntektene til kommunen aukar for kvart år, noko som gjer at kommunen kan yte fleire og betre tenester til innbyggjarane sine.

Satsing på kompetanse og innovasjon

I samband med tung rullering av strategisk næringsplan i 2016, gav næringslivet eit sterkt signal om at Årdal Utvikling måtte satse på kompetanseutvikling og innovasjon. I 2017 har difor Årdal Utvikling nytta mykje tid og ressursar på å lage ein kompetansestrategi for Årdal. Denne vart endeleg vedteken i kommunestyret i desember 2017.

I 2018 og 2019 har Årdal Utvikling sett inn alle krefter på å realisere kompetansestrategien. Som styreleiar er eg stolt av å kunne slå fast at vi har levert i samsvar med plan og ønskjer frå næringslivet. Gjennom Årdal Teknologipark AS vil vi få på plass samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar. Vi arbeider med å utvikle og styrke Sogn Opplæringskontor, og saman med næringslivet støtte opp om SITEP AS som er det nye teknologi og innovasjonsselskapet i Årdal og regionen. Arbeidet med å realisere kompetansestrategien vil halde fram med full styrke i 2020 også, og i 2021 vil Årdal Teknologipark stå ferdig.

Eg set stor pris på den store medverknaden næringslivet har synt i denne prosessen. Gjennom Årdal Teknologipark legg Årdal Utvikling opp til eit tett, tillitsfullt og konstruktivt samarbeid med næringslivet, for å realisere felles mål for kompetanseutviklinga i Årdal og regionen.

Ny medarbeidar i Årdal Utvikling

Jorunn Nilssen går av med pensjon 1. mars 2020. Årdal Utvikling har tilsett Trine Grøtnebø frå Lærdal som ny rådgjevar. Jorunn har jobba i stiftinga sidan den vart etablert i 1985, og gjennom sin arbeidsinnsats vore med å forma Årdal Utvikling til det vi er i dag. Vi trur også at Trine vil føre dette arbeidet vidare og samstundes kanskje kunne sjå på Årdal litt utanfrå. Ei stor takk til Jorunn gjennom desse åra, og velkommen til Trine!

Satsing på reiseliv

Vi har gjennom heile 2019 satsa vidare på reiselivsprojekta som kom fram i samband med rullering av strategisk Næringsplan. Mange av prosjekta er begynt å nærme seg realisering. Selskapet Årdal Adventure AS blir etablert i 2020, og vil vere ein motor i å utvikle Årdal som reisemål. Årdal Utvikling har heile tida fokus på å profilere Årdal som ein attraktiv stad å besøka. Årdal Adventure AS skal utvikle og drifte Visitardal.no og drifte eit nytt bookingsystem for kommunen.

Satsing på arbeidsplassar for kvinner og ungdom

Årdal har etter kvart fått eit spennande og livskraftig næringsliv. Vi ser at innan besøksnæringane, så står det fram kvinnelege leiarar og eigarar, som set sitt tydelege preg på Årdal. Ungdommen vår held fram med å profilere seg på nasjonalt nivå, gjennom det gode arbeidet den vidaregåande skulen legg ned innan entreprenørskap. Eg konstaterer at samarbeidet ÅU etablerte med skulen i 2009 på entreprenørskap, sakte men sikkert gjev gode resultat. Dei tre siste åra har ungdomsbedrifter frå Årdal teke førsteplassen i fylket, og oppnådd strålende resultat i nasjonale kåringer. I 2019 var det LifeBag som stakk av med sigeren. Årdal Utvikling vil halde fram med det gode samarbeidet med Årdal vidaregåande skule, for å sikre at entreprenørskap blir satsa på i framtida.

I rapporten frå 2019 finn du også presentasjonar av bedrifter, vi ønskjer å trekke fram. Desse representerer ulike bransjar, som viser litt av variasjonen i næringslivet vårt.

2. Korleis jobbar me?

Organisering

I 1983 arbeidde Utviklingsselskapet for næringsliv på Vestlandet ut ein rapport om næringsutviklinga i Årdal (Smedalrapporten). Det vart då vedteke å etablere eit tiltakskontor som sjølvstendig juridisk eining i Årdal. Det vart vidare vedteke at tiltakskontoret skulle organiserast som stifting. Det var brei semje om at tiltakskontoret ikkje berre er ei kommunal oppgåve. Trongen til raske avgjerder og tett samarbeid mellom det lokale næringsliv, bankane, kommunen og fagrørsla var grunngevinga for å skipe ei sjølvstendig juridisk eining. Dei same tankane låg også bak samansetjinga av styret i tiltakskontoret.

Næringsarbeidet har i 30 år vore organisert etter denne modellen. Oppgåvene og arbeidsmetodikk har nok endra seg litt over tid, men det grunnleggande kravet om sjølvstendig juridisk eining som skulle ha ein fri stilling i høve kommunen sine meir forvaltningsretta oppgåver, har heile tida lege fast.

Strategiske planar

Årdal kommune vedtek ein kommuneplan som har ein samfunnsdel og ein arealdel.

Denne planen er overordna alle andre planar i kommunen. Her vert dei overordna måla sett, som alle skal jobba mot. Strategisk Næringsplan (SNP) er ein 4-årig kommunedelplan som skal konkretisere dei meir overordna måla som er sett i kommuneplanen.

I tillegg vedtek ein saman med SNP ein Handlingsplan for komande år. Handlingsplanen bryt måla ned i konkrete prosjekt og aktivitetar. Kommunen har engasjert Årdal Utvikling til å gjennomføre SNP med handlingsplanen.

Det er likevel viktig å presisere at det er kommunestyret sin plan, og det er dei som vedtek kva område ein skal jobbe med. I arbeidet med SNP må Årdal Utvikling (ÅU) arbeide tett saman med kommuneorganisasjonen og næringslivet både lokalt og nasjonalt. I tillegg må ÅU ha tett samarbeid med regionale og statlege verkemiddelaktørar som SIVA og Innovasjon Norge.

ÅU sin strategi


Strategisk har Årdal Utvikling fokus på kor attraktive vi er som bustadkommune, besøkskommune og bedriftskommune. Klarer Årdal å få til ei positiv utvikling knytt til desse sentrale utviklingsområda, vil kommunen totalt sett få ei positiv samfunnsutvikling. Strategiane som vi arbeider etter i SNP, legg opp til å utvikle desse tre sentrale områda for kommunen. Alt strategiarbeidet vert organisert i prosjekt med klare resultatmål.


Servicefunksjon

I tillegg til dette strategiske utviklingsarbeidet, så har også ÅU ein servicefunksjon mot næringslivet. Alt praktisk arbeid med registrering av selskap, søknader om finansiering og hjelp til utarbeiding av forretningsplanar vert tilbydd hjå ÅU.

I tillegg arbeider ÅU mykje med bedrifter som har kome i vanskar, dette kan vere økonomiske utfordringar, konflikhtar mellom eigarar, problem med leverandørar og ikkje minst hjelpe bedriftene med å utvikle seg.

Årdal Utvikling utarbeider også rapportar om større tema (samferdsle, skule, helse) som vert nytta i det politiske arbeidet kommunen gjer, for å ta vare på Årdal sine interesser.





I farta, på veg til jobb: Ronny Øvstetun har allereie nok å henge i med, før første driftsår er omme.

Travelt oppteken som sin eigen sjef

Ein prat om korleis oppstarten av Øvstetun Rørservice AS har gått? Det har Ronny Øvstetun knapt tid til. – Kan me ta det på telefon?

Prioritering, det må til som sjølvstendig næringsdrivande. Og å prate med skrivande knottar som berre er i bygda ein liten formiddag, det skal godt gjerast:

– Det er mykje no, eg skal ut å sjå på ein ny jobb. Er du på torget? Ok, då kjem eg nett nedom.

Det er ein draum for mange, kanskje

spesielt handverkarar: Å starte for seg sjølv. Ronny Øvstetun er berre 31 år gammal, men han hadde tenkt på det i mange år allereie då han tok steget og starta Øvstetun Rørservice AS. I mars 2019 var han i gang.

– For meg handlar det mest om å kunne vere min eigen sjef, seier Øvstetun.

Hårt arbeid å starte for seg sjølv

Å starte eiga verksemd krev ein del investering, til dømes i verktøy og bil, og Ronny legg ikkje skjul på at det også er mykje hardt arbeid:

– Det gjer seg ikkje sjølv. Med små ungar og det heile er det travelt, men for min del var det riktig å gjere dette no, fortel han.

Han fortel også at han fekk hjelp med ein del av det praktiske knytt til etableringa frå Årdal Utvikling, ei teneste som dei yter til alle nyetablerte verksemder som ynskjer det.

Godt nøgde kundar

På ein liten plass som Årdal er det ein enkelt faktor som er heilt avgjerande for å lukkast som sjølvstendig handverkar: Nøgde kundar. Ordet går – då må ein gjera ein skikkeleg jobb!

Ordet går sjølv sagt ikkje berre over gjerda og rundt om på butikkane no for tida, det går også digitalt. Facebook er også blitt ein viktig kanal for verksemder som Øvstetun Rørservice AS for å nå ut til kundane. Over 1000 følgjarar så langt tyder på at tilbodet allereie er godt motteke i bygda.

Tilbakemeldingane på Facebooksida lovar også godt:

Fantastisk service og flott utført arbeid!
Anbefaler Øvstetun Rørservice på det aller sterkaste!, skriv Wenche Larsen.

Kjempeflink fagmann, med fokus på service og utføring, skriv Lasse Mjølver.

– At kundane er nøgde, er i grunnen det som gler meg mest, innrømmer Ronny Øvstetun.

Storjobb på fjellet

Vatn og kloakk til 7 hytter, samt dæmvaktarbustaden på Sletterust, er mellom dei større jobbane Øvstetun har hatt i oppstartsåret.

– Me la vel rundt 700 meter røyr der, ja, seier Ronny.

Øvstetun Rørservice AS har engasjert ein mann på tilkalling sidan i sommar. Målet er å kunne tilsetje ein person i fast stilling, slik at Ronny sjølv også kan ha litt meir fleksibilitet.

Om fem år er det kanskje der Ronny ynsker å vere. Han er ikkje ein mann med hårete mål av typen «15 tilsette» eller «25 millionar i omsetnad».

–Nei, det held med ein mann, det kan vera skummelt å veksa for mykje. Det viktigaste for meg er å ha nøgde kundar, og å kunna styra min eigen dag, avsluttar Ronny Øvstetun.

3. Har staten ansvar for distrikta?

Den statlege nedbygginga av arbeidsplassar i distrikta held fram

Regjeringa lagar eit nytt distriktsutval. Lokale og regionale myndigheiter skal informerast om dei statlege etatane sine planar om omorganisering. Dette for å unngå at einskildkommunar vert ramma hardt når statlege arbeidsplassar vert flytta eller lagt ned. Utfordringa for distrikta er at fylkeskommunane er inne i liknande prosessar, der tenester vert konsentrerte i regionale senter. Stat og fylke samordnar seg ikkje når desse planane vert sett ut i livet.

Sentralisering i regionar

Kvardagen for distrikta er at ein dei siste tre-fire åra har sett statlege arbeidsplassar forsvinne. Nav, skattekontor og politiet er alt i gang med omorganiseringar. I fylka vil vi sjå at dei vidaregåande skulane blir sett under press og truleg sentraliserte til nokre få stader. Resultatet er at distrikta vert tømte for ungdomar over 16 år.

237 kommunar har fått færre tilsette i staten i perioden 2016-2018. I same periode har det blitt 2.600 fleire statlege arbeidsplassar, men auken har i hovudsak komme nokon få kommunar til gode.

To kommunar har mista fleire enn 100 statlege årsverk, 36 kommunar har mista mellom 10 og 100, 57 kommunar har mista 4 til 9 og 142 kommunar har mista 1 til 3 statlege årsverk. 73 kommunar er uendra, medan 112 kommunar har fått auke i statlege årsverk. Dei ti kommunane som hadde flest statlege årsverk frå før, har til saman fått 2.773 fleire.

Desentralisert sentralisering

Årdal satsar no målretta på teknologiutvikling i næringslivet vårt. Digitalisering, automatisering og kunstig intelligens er stikkord i denne strategien. Målet vårt er at eit avansert teknologimiljø som Årdal, bør kunne etablere kompetanse knytt til digitalisering som næringslivet langt utanfor Årdal bør kunne dra nytte av. Desentralisert sentralisering av digital kompetanse er eit delmål for den utviklinga vi legg opp til.

Digitaliseringa opnar også for nye mogelegheiter i spørsmål om lokalisering av offentlege tenester. Vi ser at fleire store statlege organisasjonar no digitaliserer og nyttar desse prosessane til å flytte arbeidsplassane til storbyane, og med nokre små unntak til regionsentra. Resultatet for distriktskommunane er ein jamn straum med kompetansesarbeidsplassar ut frå kommunane.

Sjølv med sterk motstand er det framleis sterke krefter som dreg i retning av sentralisering av statlege arbeidsplassar. Små kompetansmiljø blir sårbare, og høgt utdanna personar har lyst å jobbe saman med andre av same sort, og søker seg sjeldan til små stader med få kompetansesarbeidsplassar. Og betre blir det ikkje av

at ein skal ha med seg ein sambuar som også skal ha jobb.


Digitaliseringa gjer at det vert mindre behov for lokale statlege kontor i heile Norge. Denne tenesta kan sentraliserast frå eitt eller fleire kontor og nå ut til heile Norge. Ser vi på t.d. skatt, så hugsar vi alle manuelle utfyllinga av sjølvmeldinga og sjølvsgagt trong for lokale ressursar som kunne hjelpe. Digitaliseringa har gjort ei slik organisering overflødig. Vi ser at digitaliseringa av statlege oppgåver er naudsynt for å drive effektivt, men samstundes bør vi sjå at digitaliseringa også skapar mogelegheiter for distrikta.

Det er viktig å gjere eit skilje mellom det faktum at vi i ei digitalisert verd kan klare oss med langt færre kontor, og diskusjonen om kvar kontora skal ligge.


Sentralisering vert ofte konkludert med plassering i Oslo, og sjølv om det er ei sterk kraft som trekk mot Oslo, er det ikkje naudsynt å plassere endå fleire statlege arbeidsplassar i hovudstaden. Tvert imot kan digitaliseringa skape heilt nye mogelegheiter for lokalisering andre steder som ute i distrikta. Dette ser vi mellom anna ofte i dei store digitaliseringsprosjekta i næringslivet.

Når ein frikoplar tenestene og lokale kontor, spelar det ikkje så stor rolle kvar i landet ein er lokalisert. Det er ikkje noko problem for næringsdrivande og befolkninga at Brønnøysundregistrene ligg i nettopp Brønnøysund, at Kartverket ligg på Hønefoss og at Statens lånekasse sitt kontor i Bergen blir nedlagt. Distrikta må saman med statlege myndigheiter sørge for å etablere prosjekt som sikrar lokal kompetanse på stader ein lokaliserer hovudkontora for dei ulike tenestene.

UTVIKLING PRIVATE ARBEIDSPlassAR FRÅ 01.01.2015-01.01.2020



UTVIKLING STATLEGE ARBEIDSPlassAR FRÅ 01.01.2015-01.01.2020



Figurar: Utarbeida av BDO



Øyvind Aga har med ein liten «beauty bag» i møte med kundar. Å kunne vise konkrete døme på kva som er mogleg med gull og sølv i trykksaker, gjer inntrykk. I bakgrunnen: Olav Aga, gründer av Skrivargarden, men framleis ei aktiv hjelpande hand for sonen Øyvind.

Heilt i forkant teknologisk

Visste du at den einaste digitale trykkemaskina med seks fargar utanfor Oslo står i Utladalen?
Men topp teknologi er berre éin del av forklaringa bak utviklinga til Printfarm.

– Me har i grunn ete oss utover, seier Øyvind Aga, dagleg leiar i Printfarm.

Og «utover» er ikkje lenger berre utover langs Sognefjorden. Aga reknar heile gamle Sogn og Fjordane som primærområde for Printfarm, men dei har også fått innpass både i nye Vestland og nasjonalt.

Trykkeriet i Årdal har røter meir enn 20 år tilbake i tid, frå verksemda som den gong heitte Skrivargarden. 2019 står likevel

som eit merkeår, sidan Printfarm flytta i nye produksjonslokale i Utladalen rundt påsketider.

Utviklinga av verksemda det siste året handlar i følge Aga mykje om reindyrking:

– Me har i grunn drive med mykje forskjellig opp igjennom, men det krev mykje fokus å drive med ulike aktivitetar. No har me mellom anna droppa eigenproduksjon av innhald, og me har skilt ut ein eigen

nettbutikk retta mot private kundar. Printfarm blir reindyrka som proffaktør, ei rein industribedrift for produksjon av trykksaker, seier Aga.

Kvantesprang i bransjen

Dei to-tre siste åra har vore eit kvantesprang i trykkeribransjen, med skifte frå analogt offset-trykk til digitaltrykk. Men for Printfarm handlar ikkje digitaliseringa berre om ny maskinpark.

–Ordreflyten vår er heildigital. Kundane

kan til dømes laste opp design av visittkort sjølve i nettløysinga vår, og i løpet av året vil vi få på plass automatisk produksjonsstart. Om ein kunde til dømes lastar opp visittkort seint på kveld, startar produksjonen automatisk, og dei ferdig trykte ark ligg klare til kutting og utsending dagen etter. Me må vere digitale i ryggmargen, forklarar Aga.

Tenker du kanskje at trykte visittkort er på veg ut? Nei, slett ikkje – Printfarm produserte rundt 500 000 visittkort i 2019. Noko av grunnen er truleg at dei kan gjere det med gull- og sølvtrykk, noko som gir kundane moglegheit til å skilje seg litt ut.

Ei av fire maskiner i landet

Ei vanleg trykkemaskin har fire fargar, medan den nye Xerox-produksjonslinja til Printfarm har seks – altså med gull og sølv i tillegg til primærfargane. Dette er ei av fire slike maskiner i landet, og den einaste utanfor Oslo:

– Eg hadde ikkje trudd me skulle få på plass ei slik maskin allereie i 2019. Det er eit kraftfullt produksjonsverktøy, seier Aga. Mellom dei mange store produksjonane som Printfarm nyleg har gjort, er til dømes produktkatalogen til Lerum for 2020, der Yvonne Romøren Aga i korlevert.no stod for layout.

Innpass hjå reklamebyrå

Men til andre store jobbar får Printfarm ofte ferdig layout frå reklamebyrået til oppdragsgjeveren.

– Me byrjar å få betalt for den jobben me har lagt ned no. Det er stas å få innpass hjå reklamebyrå og oppleve at me snakkar same språket, seier Aga.

Printfarm samarbeider til dømes med Logolink på Voss og Gasta design & kommunikasjon i Sogndal. Oppgåva er då å produsere deira design. Det kan vere seg alt frå billetter og brosjyrar, til plakatar og banner i storformat, og såkalla «rollups»:

– Printfarm er blitt ein viktig samarbeidspartner for Gasta. Det sentrale for oss er at vi veit at Printfarm er heilt i forkant teknologisk. Med nye digitale løysingar og det sterke fokuset dei har på effektiv drift, opplever vi at dei også er svært konkurransedyktige på pris, seier Vidar Bondevik, dagleg leiar i Gasta.

Printfarm har i dag fire tilsette, men søker i skrivande stund etter ein ny medarbeidar.

– Me har mange planar for 2020, det er mykje på gang, seier Øyvind Aga.



Kristine Haglund, selgar hos Porten.no, og Synne Asheim Haga, redaktør og dagleg leiar.

Oppstart i Ytre Sogn, og rigga for vidare vekst

Porten.no starta i 2019 opp ei eiga avdeling i Ytre Sogn, og har auka inntektene – mellom anna ved å byggje opp ein abonnementsbase som gir grunnlag for pressestøtte.

– Det er inspirer at instruksjonar som Medietilsynet ser potensialet i det vi held på med, seier Synne Asheim Haga, redaktør og dagleg leiar av Porten.no.

Ho siktar til at Porten.no fekk 884 000 kroner i støtte av Medietilsynet til å utvikle den digitale modellen for ultralokal nyheitsformidling. Det konkrete resultatet er oppstarten av Porten.no i Ytre Sogn, med Gulen og Høyanger som dekningsområde.

– Vi har hatt ein god start i Ytre Sogn, med overraskande mange pluss-abonnentar allereie. Og det er interessant å sjå at fleire enn venta vel begge regionar, både indre og ytre, når dei hukar av for kva for leseområde dei vil følgje. Det er tydelegvis mange som vil få med seg det som skjer i heile Sogn, seier Asheim Haga.

Vekst i økonomien

Nettopp talet på pluss-abonnentar er eit av høgdepunkta Asheim Haga trekk fram for 2019.

– Vi har no bygd opp ein abonnementsbase som gir grunnlag for pressestøtte. Det vil gi oss ein endå stødigare økonomi. I tillegg ser vi også at dei digitale inntektene blir stadig større, fortel Asheim Haga.

Kristine Haglund, som jobbar med annonsering i Porten.no, kan også fortelje at dei har hatt ei stor utvikling på dette området dei tre siste åra:

– For tre år sidan hadde vi berre bannerannonser på forsida. Spesielt no, når mykje av trafikken kjem direkte til artiklar frå Facebook, er det ikkje hensiktsmessig. No har vi dynamiske annonseplassar også i artiklane, og me kan tilby eigne produkt i sosiale media, forklarar Haglund.

Størst på stillingsannonser

Ein konsekvens av denne digitale produktutviklinga, er at Porten.no i skrivande stund er størst i regionen Vestland på stillingspakkar. Pakken inkluderer den tradisjonelle karusellen, men også organisk og betalt distribusjon i sosiale media. Dette sikrar langt breiare spredning av annonsen.

– Kundane set pris på at dei får god dokumentasjon på kven og kor mange desse annonsane faktisk når. Digital publisering betyr jo at alt er målbart, seier Haglund.

Porten.no satsar også på innhaldsmarknadsføring som ein av inntektskjeldene.

– Bannerannonser er bra for enkle, tidsavgrensa bodskap, som arrangement eller ekstra fokus på ei stillingsutlysning. Innhaldsmarknadsføring er bra på den langsiktige merkevare- bygginga, der ein vil få fram dei gode historiene frå bedrifta eller organisasjonen: korleis er det å jobbe på denne arbeidsplassen? Eller korleis fungerer produkta denne bedrifta leverer?

– Med innhaldsmarknadsføring kan me trekkje dei større linjene og få fram samansette bodskap. Her har med fleire langsiktige prosjekt på gang, og også interessante dialogar med nye kundar, fortel Haglund.

Sterk «kvinnebastion»

Asheim Haga skildrar utviklinga av Porten.no slik:

– Vi har rigga Porten.no for framtida ved å omstrukturere plattformen for ekspansjon og for å kunne ta imot fleire inntektsstrømmer. Steg for steg får me fleire lesarar og fleire inntekter, og stadig ei sterkare merkevare.

Ho trekk også fram ein litt morosam digresjon, sidan det spesielt i Årdal er mykje snakk om kvinnelege arbeidsplassar:

– Porten.no er jo i praksis blitt nettopp det. Halvor F. Storvik er det heiderlege unntaket, men ellers er jo vi berre damer, både i redaksjonen og på kommersiell side. Dei to vi rekrutterte i 2019 var jo også damer, seier Asheim Haga.


Ho siktar til Vilde Grimelid Oppedal, stasjonert i Ytre Sogn, og Therese Espeland, som har Sogndal som utgangspunkt.

Målet for 2020 er å vekse vidare og utvide med å tilby fleire kurs, frukostseminar og eventar:

– Vi sit på mykje kunnskap om digital kommunikasjon i Porten.no, og me er oppdaterte på moglegheitene som mellom anna Facebook og Google gir. Me har halde kurs om dette tidlegare, og me merker at det er etterspurnad på slik kunnskap i marknaden. Framover vil me utvikle fleire ulike kurs på digital synlegheit - og kanskje også eventar eller konferansar?, seier Asheim Haga.

4. Analyse Årdal 2019

FOLKETALSUTVIKLING ÅRDAL KOMMUNE, 2008-2019 (01.01)



Figur – data SSB, folketal pr 01.01 i kalender år


Folketalsutvikling

Utviklinga i folketalet i Årdal har i 2019 hatt ein nedgang på 52, som følgje av negativt fødselsoverskot og større utflytting enn innflytting. Sjølv om utviklinga i næringslivet er positiv tek det tid før dette vil kunne påverke folketalsutviklinga og auka tilflytting. Trenden i norske distriktskommunar er tilsvarande som for Årdal. Tap av offentlege arbeidsplassar held seg på eit høgt nivå for distriktsnorge.

Syssetting:


Figur – data SSB, syssette etter bustad og arbeidsstad 1424 Årdal
Årdal har eit næringsliv som er konjunkturutsatt. Det har ein sett etter finanskrisa som slo inn i Årdal først i 2012. Utviklinga siste åra har stabilisert seg og vi hadde ein fin vekst i 2018 i syssettinga i Årdal, men fekk ein nedgang i 2019

SYSSELSETTINGSUTVIKLING ÅRDAL 2008-2019



Figur – data SSB, syssette etter bustad og arbeidsstad 1424 Årdal

OVERSIKT RESULTATSGRAD 50 STØRSTE SELSKAP ÅRDAL 2008-2018



Utvikling næringslivet i Årdal:

Ved å følgje utvikling i omsetnad for dei 50 største bedriftene i Årdal som har tilgjengelege offentlege data i Brønnøysund registra kan vi sjå utviklingstrendar. Vi får då ikkje data frå dei store industriverksemdene som Hydro, Norsun, Bilfinger samt dei nasjonale handelskjedene. Vi kan likevel sjå nokre utviklingstrekk.


Vi har mange solide bedrifter i Årdal som bør ha god utviklingsevne i åra som kjem. Ved å sjå på lønnsmda i 50 selskap i Årdal, ser vi at andel av bedrifter med positive resultat har auka. Det er viktig at næringslivet lokalt har god lønnsmd som er viktig for å kunne utvikle seg vidare. Oversikten viser korleis næringslivet lokalt blir påverka av konjunktursvingingar.

Ved å sjå på lønnsmda i dei same 50 selskapa ser vi at andel av bedrifter med positive resultat har auka frå 60% i 2012 til 88% i 2014. Denne har siste åra lege rundt 80%, medan ca 50% har hatt resultatgrad over 5%. Det er viktig at næringslivet lokalt har god lønnsmd som er viktig for å kunne utvikle seg vidare. Oversikten viser korleis næringslivet lokalt blir påverka av konjunktursvingingar.

Nyetableringar:


Årdal har hatt ei positiv utvikling i tal nyetableringar i perioden frå 2013 til 2019. Det er svingingar det enkelte året, men trenden er at det blir etablert fleire bedrifter. Dette har vi sett i perioden gjennom mange personar som ynskjer å starte eiga bedrift og det er positivt for å få ei større breidde i næringslivet.

TOTALT TAL NYETABLERINGAR I ÅRDAL KOMMUNE 2013-2019



Figur – data SSB, nyetableringar Årdal

UTVIKLING ORDINÆR SKATT TIL PRIMÆRKOMMUNEN



Figur – data SSB, skatteinngang primærkommunen Årdal

Skatteinngang Årdal:

Den positive utviklinga i næringslivet i Årdal ser ein og gjennom den auka skatteinngangen til Årdal kommune. Dette er skatt som kjem hovudsakleg på alminneleg inntekt frå dei som er syssette og busette i Årdal. Utvikling i syssetting og lønnsnivå vil ha påverknad på denne. Det har vore ein vekst i skatteinngangen til kommunen sidan 2009.



Geir Ove Løvdahl er deleigar i Elektromontasje AS og er mellom anna autorisert installatør.

Menneskekjennarar med voltmeter

Skal det vere full smarthusstyring, eller heller berre ein tradisjonell termostat du kan vri på? I Årdal har Elektromontasje AS blitt store på å levere det kunden er best tent med.

Geir Ove Løvdahl og Ronny Bøe forlèt trygge jobbar i eit etablert firma for å starte for seg sjølve, saman med to elektrikarar frå Vang. Med delt eigarskap og felles engasjement, har dei bygd opp Elektromontasje AS til å bli ei stor verksemd innan fagområdet: No er dei 18 tilsette: ni i Årdal og ni i Vang.

Størstedelen av veksten er komen dei ti siste åra. Dei to eigarane som også er ansvarlege for drifta av avdelinga i Årdal, forklarar at det handlar om «enkle ting»: at elektrikaren må komme til avtalt tid og at avtalt pris blir fakturert når jobben er gjort.

– Me får gode tilbakemeldingar i privatmarknaden. Det handlar om riktig pris og at me er til å lita på, meiner Geir Ove Løvdahl.

På ein oversiktleg plass som Årdal, der praten går lett og laust mellom folk, er nok dette heilt vesentleg.

Høgdepunkt i 2019?

– Det var i grunn ingen spesielt store jobbar i 2019, men mykje servicearbeid. Og me har aldri montert fleire varmepumper. Det blei nok omsetnadsrekord, fortel Løvdahl.

– Ja, det går i eitt. I 2019 hadde me nok mellom 1500 og 2000 forskjellige ordrar, seier Bøe.

Elektromontasje AS har nemleg sertifiseringar for å kunne gjere eit breitt spekter av jobbar: godkjenning som autorisert installatør er sjølvsagt. I tillegg til Ecom-godkjenning, som gjer at Elektromontasje AS kan legge opp IT-infrastruktur, samt fibernett og brannalarmanlegg. Dei har også F-gass-godkjenning, som er ein føresetnad for å kunne installere varmepumper.

– Me driv jo med alt; industri, kommunale oppdrag og private installasjonar, seier Bøe.

Alltid noko nytt

– Det beste med jobben? Me blir aldri utlært, det er alltid noko nytt, slår Løvdahl fast.

– Ja, ein blir fort utrangert om ein ikkje følgjer med, følgjer Bøe opp.

Det handlar om ny teknologi, men også om å forstå kunden. Enkelte skal kanskje ha dei mest avanserte smarthusløyser, eller «Future Home»-styring av hytta. Det krev at Elektromontasje er oppdatert på dei nyaste moglegheitene.

– Men andre er heilt klart best tent med enkle lysbrytarar og tradisjonelle termostatar ein berre kan vri på. Me må forstå kunden og behovet deira. Og den beste planlegginga blir gjort ute på plassen, hjå kunden, forklarar Løvdahl.

– Heldigvis er det små avstandar i Årdal; det er kjapt å ta ein tur ut for å sjå og snakke med folk. Me har jo mykje kortare køyrelegder på firmabilane enn kollegaene våre i Vang, fortel Bøe.

Blir i «Brannstasjonen»

Elektromontasje AS fekk for nokre år sidan velfungerande lokale med kontor, lager og verkstad i den gamle brannstasjonen.

– Her fekk med god hjelp av Årdal Utvikling. Det er me takksame for, seier Bøe.

No blir heile bygget rehabilitert, med ti nye og moderne leilegheiter. Men byggeprosjektet betyr ikkje at Elektromontasje AS blir skvisa ut. Nei, snarare tvert i mot fører det til at ein av dei store jobbane deira i 2020 blir i gangavstand



Festo-fabrikken, ei produksjonslinje i miniatyr, blei installert sommaren 2019. Her er Linda Nordheim og Cecilie Holst i full gang med å programmere arbeidsstasjonane via telefon og nettbrett

Mangfaldig innovasjon

Klakkstavane står langs vegg, ein liten stabel RaspberryPi-pc-ar ligg på skrivebordet, og 3D-printaren surrar og går bak i hjørnet på kontoret til Frank Øvstetun. 2019 blei det reelle oppstartåret for Sitep. No er det full fart i mange interessante retningar.

Klakkstav, kva er no det?

– Eit verktøy for å måle anodisk straumfordeling i elektrolysen, Hydro har nytta dei lenge. Men no har elevar frå Vg2 automasjon ved Årdal vgs og Vg3 elektronikk i Sogndal eit prosjekt som går både på vedlikehald og vidareutvikling av desse, forklarar Frank Øvstetun, dagleg leiar i selskapet.

Elevane driv dette som ei elevbedrift i samarbeid med Ungt Entreprenørskap. Akkurat den dagen vår utsende skribent var innom, stod det tre stavar frå Høyanger inne til reparasjon.

– Elevane er også i gang med å funksjonsteste ein 3D-printa boks for kalibrering, og dei mini-PC-ane der (RaspberryPi, red. anm.), med touchpanel, kan brukast til brukarkontroll og datainnsamling. På denne måten lærer

elevane både om kopling og sensorikk, og ikkje minst det å utvikle eit funksjonelt produkt for den verkelege verda, held Øvstetun fram.

Innovasjonskatapult

Målet for Sitep er å være eit bindeledd mellom utdanning og industri. Heilt konkret så legg dei til rette for teknologifag som valfag på ungdomstrinnet, og dei er direkte involvert i undervisninga av vgs-elevar frå

Årdal, som er oppe hjå Sitep fire gonger i veka. Dei samarbeider også med Sogn Opplæringskontor (SOK) om læreplassar, og dei legg til rette for at høgskuleelevar frå Førde og Bergen kan skrive bacheloroppgåver for industrien i Årdal.

I tillegg samarbeider Sitep med NTNU og det som gjerne blir kalla for teknologikatapulten på Raufoss, og med høgskulemiljøet og industrien på Kongsberg. På universitetsnivå har også Øvstetun eit internasjonalt nettverk:

– Når vi presenterer Sitep i desse miljøa, er dei veldig interesserte, kanskje nettopp fordi me ikkje er eit reint universitetsmiljø. Universiteta ønsker jo ein kanal inn mot industrien. Målet vårt er ikkje berre å vere ein slik kanal, men å vere ein katapult mellom teori og praksis, som kastar god forskning og gode idear begge vegar, seier Øvstetun.

Mangfald for innovasjon

I tillegg til rolla som bindeledd skal nemleg Sitep også være ein hub for innovasjon innan «Industri 4.0», altså den fjerde industrielle revolusjonen, der internett vert ein sentral del av både utvikling og produksjon. Øvstetun har også klare tankar om kva som er eit sunt miljø for nyskaping:

– Me vil gjerne ha med fleirkulturelle i vårt miljø. Mangfald er alltid bra, men det er faktisk spesielt viktig når ein arbeider med innovasjon, seier han.

Sitep jobbar også aktivt for å få fleire jenter med i teknologimiljøet. Det gjer dei gjennom møte med rektorar og foreldre, i bedriftsbesøk og i samarbeid med SOK. Og då Sitep sjølv skulle rekruttere i 2019, blei resultatet at dei tilsette Linda Nordheim og Cecilie Holst.

Imponerte Hydro-direktør

Høgdepunkta for Sitep i 2019 har vore mange – dette var året då prestisjeprosjektet verkeleg kom i gang. I 2020 ligg det an til full fart også på nye område. Øvstetun er ein miljøengasjert teknolog, og synest det er spanande med til dømes algeprosjektet som Sitep er involvert i.

Men personleg er det møta med elevane som gler Øvstetun mest:

– Det gler meg å sjå at dei presterer, til dømes overfor politikarar.

I valåret 2019 var det også mange i den kategorien innom: Liv Signe Navarsete, Terje Åsland – og Jonas Gahr Støre, med eit aldri så lite haleheng på ca. 70 personar.

Også Ola Sæter, sjef for alle aluminiumsverka til Hydro, vart imponert over Sitep-elevane då dei la fram klakkstav-prosjektet dei jobba med på oppdrag frå verksemda hans.

– Slike opplevingar gir meg ei god kjensle, da må me ha gjort noko rett, seier Øvstetun

5. Driftsåret 2019

Gjennomføring av handlingsplan 2019

Årdal Utvikling utarbeidde forslag til Handlingsplan 2019, som vart vedteke i kommunestyremøte i desember 2018. Styret i Årdal Utvikling har prioritert tiltaka i Handlingsplanen for 2019 innanfor dei rammene som kommunestyret løyvde for 2019.

ÅU har hatt eit overforbruk i tidlegare år. Dette overforbruket er delvis dekkja inn ved at ein gjekk med overskot i 2019.

Eit viktig mål for Årdal Utvikling er å doble løyvinga på innovasjonsmidlar frå Årdal kommune på 5,2 MNOK. Konkret var målet i 2019 å skaffe 10,4 MNOK frå andre, slik at det totale beløpet knytt til innovasjon vart kr 15,6 MNOK. Desse midlane ville ein prøve å skaffe frå næringslivet og løyvingar frå regional og nasjonale innovasjonsordningar som t.d. Innovasjon Norge. Vi har valt å halde løyvingar til Hydro utanfor, men resten av næringslivet er med. Vi held også emisjonen Norsun gjennomførte utanfor denne oversikten, men løyvinga frå Enova er med.

I 2019 fekk Årdal Utvikling 5,2 MNOK frå Årdal Kommune og næringslivet fekk tilgang til 331 MNOK i innovasjonsmidlar. Dette er eit historisk høgt resultat, og vi kan berre gratulere næringslivet i Årdal med at dei jobbar godt på innovasjon og nyskaping. Det meste av desse midlane er knytt til prosjekt som Årdal Utvikling i ulik grad er med på, men det er dei einskilde bedriftene som står bak og skapar dette resultatet. Årdal er heldige som har framoverlente bedrifter med fokus på innovasjon og nyskaping.

Lønnsame arbeidsplassar

1 LØNSAME ARBEIDSPlassAR

Drift av førstelineteneste	2019 - 2020	1.0	ÅU
Utviklingsprosjekt inntil 5 lokale bedrifter som skal sikre god lønnsamd for vidare ekspansjon.	2019	0.5	ÅU
Tilrettelegge for ekspansjon Hydro - hall D	2019	0.1	ÅU/ÅK
Tilrettelegge for ekspansjon Norsun	2019	0.3	ÅU/ÅK

Resultat: Strategipunkt 1 er gjennomført.

Drift av førstelinetenesta femner om alle spørsmål om hjelp frå næringslivet i Årdal. Aktiviteten har vore aukande i frå 2014 og fram til no. Det skuldast truleg at oppgangen i næringslivet starta forsiktig i 2014 og sidan har vi hatt ein jamn og god aktivitet. Vi trur framleis at denne veksten vil halde seg fram mot 2021, og truleg også etterpå, viss planlagde prosjekt vert realisert. Det er likevel slik at næringslivet i Årdal er heilt avhengig av den

I frå å vere ein gjennomsnittskommune på tilgang til innovasjonsmidlar for nokre år sidan, er Årdal no blant dei beste i klassen.

Dette målretta arbeidet gjev seg utslag på mange måtar. Vi vil spesielt trekke fram det gode innovasjonssamarbeidet Årdal Vidaregåande Skule gjer. Vi konstaterer at samarbeidet ÅU etablerte med skulen i 2009 på entreprenørskap, sakte men sikkert gjev gode resultat. Dei tre siste åra har ungdomsbedrifter frå Årdal teke førsteplassen i fylket, og oppnådd strålende resultat i nasjonale kåringer. I 2018 vann EarthCase, og i 2019 var det LifeBag som stakk av med sigeren. Elevane og lærarane jobbar veldig bra, og vi har god tru på ei flott plassering i den nasjonale tevlinga i april 2020. Etableringa av SITEP AS og strategiarbeidet i Sogn Opplæringskontor, gjer at desse to bedriftene saman med Årdal Utvikling, no utgjer ei kraftfull eining knytt til innovasjon i kommunen.

Vi vil også trekke fram det gode samarbeidet vi no har med næringslivet i Årdal. Utan den velviljen og interesse dei syner for utviklingsarbeidet i Årdal, ville ikkje Årdal nådd dei måla vi set oss innan dette arbeidet.

internasjonale situasjonen. Ein nedgang i den globale økonomien, vil raskt få konsekvensar for næringslivet i Årdal.

Førstelinja har handsama 13 saker knytt til nyetableringar og større endringar i eksisterande bedrifter i Årdal. Dette er mindre bedrifter som treng hjelp til «papirarbeidet», men og rådgjeving knytt til vedtekter, styresamansetnad, fisjon/fusjon, endring av aksjekapital

og så vidare. Tenesta vert utført av dei tilsette i Årdal Utvikling. Dette er ein nedgang frå 2018. Ein del av sakene vi har handsama i 2019, har vore spesielt ressurskrevjande.

Når det gjeld utviklingsprosjekt knytt til lokale bedrifter har vi også i 2019 prioritert SITEP AS og Sogn Opplæringskontor (SOK) med å få på plass eit strategisk fundament for vidare vekst. I tillegg har vi fått på plass finansiering frå Innovasjon Norge til ein del lokale bedrifter.

Bedriftsretta tilskot er det blitt mindre av for kvart år. Vi vil sjølv sagt få unntak i åra som kjem, men vi prøver i størst mogeleg grad å få ut slike tilskot frå det offentlege verkemiddelapparatet. Unntaket vil vere ungdomsbedrifter knytt til samarbeidet med den vidaregåande skulen. Her vil innsatsen auke i åra som kjem.

Helse

2 HELSE

Forstudie «Basecamp Årdal» - rehabilitering, folkehelse og førebygging

Resultat: Ingen aktivitet

Satsing på helsemarknaden er ein del av Strategisk Næringsplan som kommunestyret har vedteke. I handlingsplanen for 2019, vedtok kommunestyret ingen aktivitetar knytt til dette satsingspunktet. Årdal Utvikling har difor ikkje aktivitet knytt til satsing på helsemarknaden.

Kompetanse og innovasjon

3 KOMPETANSE OG INNOVASJON

Realisere kompetansestrategien
Vidareutvikle Hydrogenprosjektet

2019-2020	0,2	ÅU/SOK/Sitep
2019	0,1	ÅU/SITEP

Resultat: Strategipunkt 3 er gjennomført

Dette handlingspunktet er styrka gjennom at kommunestyret har vedteke ein eigen kompetansestrategi som konkretiserer arbeidet innafor kompetanse og innovasjon. Arbeidet med kompetansestrategien er omfattande og vi trur dette prosjektet må ha full merksemd også i 2020.

Å styrke fagutdanninga ved den vidaregåande skulen, er ein aktivitet som pågår heile tida. Ein viktig del av dette arbeidet vil vere å samarbeide tett om bruken av øvingsfabrikken som SITEP etablerer i Årdal Teknologipark og etablering av eit prøvesenter.

BEDRIFTSRETTA TILSKOT 2019

ÅRDAL UTVIKLING	TILSEGN	UTBETALT
Årdal Sjøfront	200 000	200 000
Veekiosken	38 750	33 607
Fjordalg	20 000	20 000
Totalt	258 750	253 607

Ein annan viktig aktivitet er utveksling av lærarkrefter mellom skulen og næringslivet. SOK vil vere eit viktig instrument i dette arbeidet. I løpet av 2020 vil kompetansestrategien dreie fokuset over på driftsfasen i både SOK og SITEP. Industrifagskolen skal starte opp i 2020, og prosjekt knytt til rekruttering og profilering av

teknologimiljøet vil bli meir prioritert i 2020/2021. Rapporten «Forretningsmolegheiter knytt til produksjon av hydrogen i Indre Sogn» vart ferdig i 2019. ÅU har valt å sende denne over til SITEP, slik at dei kan vurdere vidare satsing knytt til fornybar energi.

Kompetansesenter

3,1
KOMPETANSE-
SENTER

Utgangspunkt	2019-2020	2020	Ansvar
Desentraliserte undervisningstilbod frå fagskule/høgskule og universitetsmiljø	0,45		ÅU/SOK
Støtte opp om ny strategi i Sogn Opplæringskontor	0,2		ÅU
Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS og Sogn Opplæringskontor	0,1		ÅU
Etablere ein årleg Kunnskapsdag i Årdal	0,3		ÅU, SOK, Sitep

Resultat: Strategipunkt 3.1 er gjennomført

Sogn Opplæringskontor skal no starte opp med omfattande kursaktivitet knytt til kompetansetiltak i næringslivet. Denne aktiviteten, vil bli knytt tett saman med eit godt samarbeid med den vidaregåande skulen. I samband med realiseringa av øvingsfabrikken i Årdal Teknologipark, vil vi få ein felles arena for kompetanseutvikling mellom næringslivet og lærlingutdanninga ved den vidaregåande skulen. Det vil også bli etablert ein arena for høgskuleutdanning i tett samarbeid med universitet/høgskulesystemet, fagskulane og kompetansmiljø i næringslivet. Næringslivet i Årdal skal gjennom eit omfattande kompetanseløft i åra som kjem. I Årdal Teknologipark vil vi no få den naudsynte infrastrukturen som kan realisere dette arbeidet.

SOK har no eigen ressurs som arbeider med kurs/opplæringstilbod. Eit tett samarbeid med næringslivet, kommunen og fylkeskommunen har vore ein føresetnad for å realisere dette prosjektet. Vi er spesielt imponert over den viljen næringslivet har synt. Det har vore avgjerande for å få landa prosjektet på ein god måte. Vi ser fram til at industrifagskolen startar opp verksemda si i Årdal hausten 2020. Arbeidet med å etablere eit årleg seminar/fagdagar knytt til kunnskap og innovasjon er forseinka. Truleg oppstart vil bli våren 2021.

Innovasjon og teknologi


3,2
INNOVASJON OG
TEKNOLOGI

Utgangspunkt	2019-2020	2020	Ansvar
Støtte opp om etableringa av SITEP AS	0,2		ÅU
Ta ein regional rolle på industriutvikling (Norsk Katapult) 2019-2020	0,2		ÅU/Sitep

Resultat: Strategipunkt 3.2 er gjennomført.

SITEP AS er etablert med følgjande eigarstruktur:

AKSJONÆRAR	AKSJEKAPITAL	Prosent
Årdal Utvikling	190 000	23,75 %
Kunnskapsparken SFJ AS	100 000	12,50 %
SINTEF Raufoss Manufacturing AS	100 000	12,50 %
Hydro Aluminium AS	100 000	12,50 %
Norsun AS	100 000	12,50 %
HMR Hydeq AS	50 000	6,25 %
IMPEC AS	50 000	6,25 %
Prosess- Elektro	50 000	6,25 %
Årdalsnett AS	60 000	7,50 %
TOTALT	800 000	100,00 %



I 2019 er det rekruttert inn to personar til i SITEP. Det er no 3 tilsette i selskapet, og ca 1 årsverk er innleigd. Selskapet er lokalisert i mellombels lokale fram til at Årdal Teknologipark AS har ferdigstilla nye lokale. Det er god framdrift i prosjektet og SITEP vil bli ein viktig aktør i innovasjonsmiljøet i Årdal, regionen og fylket. Det er viktig å få på plass eit felles FOU selskap for næringslivet. Skal vi sikre vidare vekst i bedriftene våre, må dei få tilgang på ny kunnskap, ny teknologi, auke konkurransekrafta si og saman få til knoppskyting av nye bedrifter. I 2019 er det arbeida fram ny avtale mellom katapultsenteret på Raufoss og Sitep i Årdal. Avtalen vil bli endeleg underteikna våren 2020. Når denne avtalen er på plass, vil SITEP kunne ta på seg ein regional rolle innan teknologiutviklinga i næringslivet.

Organisering

3,3
ORGANISERING

Utgangspunkt	2019-2020	2020	Ansvar
Etablere Årdal Teknologipark AS	0,8		ÅU

Resultat: Strategipunkt 3.3 er gjennomført

Anbudsgrunnlaget for Årdal Teknologipark vart ferdig i 2019. Ein tek sikte på å velje entreprenør omkring påske 2020. Vi tek sikte på at prosjektet er ferdig tidleg haust 2021. Innovasjonsmiljøet i Årdal har no funne si form, der SOK har fokus på kompetanse og samarbeid med vidaregåande skulen, fagskule og høgskule gjennom lærlingutdanninga og kursaktivitet. SITEP AS er FOU selskapet vårt som har fokus på teknologiutvikling og tett kontakt med dei «tunge» forskingsmiljøa i Norge og internasjonalt. SITEP har ansvaret for å vere med på å utvikle innovasjonsmiljøet i Årdal, regionen og fylket og etablere eit godt samarbeid med dei regionale og nasjonale innovasjonsmiljøa

ÅU er den nøytrale parten som sikrar eit godt samarbeid med innovasjonsmiljøa og offentleg forvaltning. ÅU er nøytral og offentleg pådrivar som sikrar at det er ein indre samanheng mellom strategisk planarbeid og næringslivet si vekstevne. I dette arbeidet må ÅU jobbe i mellomrommet for å sikre samhandling mellom alle relevante aktørar.



Eitt samfunn

<p>4</p> <p>EIT SAMFUNN</p>	Arbeide for å gjere synleg Årdal sine kommunikasjonsbehov og korleis desse bør støttast (Ref rapport Tindevegen og rapport FV53)	2019 – 2020	0,2	ÅU/ÅK
	Etablere Tynvegen (frå Fodnes til Tyinkrysset) som eit reiselivsprodukt	2019-2020	0,3	ÅU/ÅK
	Utvikle ein strategi for kulturbasert næringsutvikling (vedlegg til SNP 2020)		0,4	ÅU/ÅK
	Etablere eit industrimuseum i Årdal		0,2	ÅU
	Etablere eit senter for kunst og kultur i Årdal		0,2	ÅU

Resultat: Strategipunkt 4 er gjennomført

Årdal Utvikling har jobba målretta med utfordringar knytt til samferdsle til/frå Årdal og ikkje minst utfordringar på samferdsle i kommunen. Dei viktigaste utfordringane på kommunikasjonen til/frå Årdal er FV53. Det er ras utfordringar på strekninga Årdalstangen - Fodnes og Øvre Årdal -Tyinkrysset. Vi hadde også store utfordringar på strekninga Årdalstangen – Øvre Årdal, men desse er no langt på veg utbetra. Det er difor gledeleg at rassikringsarbeidet på vegstrekninga vil halde fram, og tunnel i Jåteli kjem no på plass som det viktigaste tiltaket.

Tindevegen er også svært viktig for Årdal om sommaren, då vegen sikrar at over 40.000 bilar køyrer gjennom Årdal. Vegen er blitt viktig for verdiskapinga i kommunen knytt til handel og reiseliv. I 2019 har ÅU delteke i arbeidet med å finne utkiksplassar i Fardalssvingane som samstundes kan vere eit informasjonspunkt for besøkande. Det er også kartlagt naudsynt utbetningsarbeid knytt til svingar og møteplassar. Ei utbetring av desse svingane må få prioritet i åra som kjem.

Strekninga Fodnes – Tyinkrysset er ein viktig veg for Årdal, men også for gjennomgangstrafikk som skal til/frå Sogn – Indre Austland og ikkje minst trafikk frå Bergen via FV53 og Tindevegen som skal til Trondheim om sommaren. Årdal Utvikling utarbeidde for nokre år sidan eit omfattande notat knytt til desse utfordringane. Saman med kommunen er det gjort eit omfattande arbeid for å skape ei forståing for at spesielt FV53 må utbetrast. Dette notatet er framleis grunnlaget for det arbeidet vi legg ned knytt til FV53.

Når det gjeld kommunikasjon internt i Årdal, så er sjølvstøtt strekninga Årdalstangen – Øvre Årdal viktig. Her har ein dei siste åra gjort mykje sikringsarbeid, og vegen er i dag ein trygg veg. Vegen mellom Årdalstangen og Seimsdalen har vore ein verkebyll for kommunen. Det er eit stort og attraktivt bustadområde i Seimsdalen som har levd med ein trafikkfarleg tunnel i alle år. Endeleg har Årdal også nådd igjennom med argumentasjonen og Seimsdalen vil få ein sikker veg til bustadområdet, rekreasjonsområdet på Seimsåsen og ikkje minst til sjukeheimen. Dette gjer at vidare utbygging av bustader i Seimsdalen kan halde fram, og massane frå ny tunnel kan nyttast til rassikringsvoll på Årdalstangen og frigjere eit stort nytt bustadområde på Hæreid.

Ikkje minst vil ny sikker kommunikasjon mellom Årdalstangen og Seimsdalen sikre at vi på nytt kan fokusere på å utvikle eit spennande rekreasjonsområde på Seimsåsen. Årdalstangen

– Seimsåsen – Indre Offerdal kan utviklast til eit spennande konsept innan reiselivsutvikling, då vi kombinerer Sognefjorden, fjellheimen og spennande kulturopplevingar i Indre Offerdal. Kjøp av båten TYA må sjåast i denne samanhengen saman med vidare utbygging av sjøfronten på Årdalstangen.

Årdal kommune er heldigvis ein kommune med korte avstandar. Når vi no også får sikre desse avstandane, slik at ein har sikre kommunikasjonar, så ligg alt til rette for at Årdal kan utvikle seg vidare. Eit endå betre kollektivtilbod på transport, må på plass. Årdal Utvikling har greidd ut eit prosjekt som vi vonar kan takast opp til politisk handsaming. Saman med TIDE har ein fått på plass avtale om buss Hjelle – Turtagrø. Denne er no også inne i Kringom. Arbeidet med å få på plass elbuss mellom Øvre Årdal og Årdalstangen er i bra framdrift. Vi reknar med at første testbuss kan kome i 2020.

Kommunikasjonar er ikkje berre vegar, men og fiber. Elektronisk kommunikasjon er i dag ein føresetnad for at næringslivet skal utvikle seg, og at folk vil bu i Årdal. Årdal Utvikling tok initiativ til å etablere Årdalsnett, som sidan har bygd ut fibernettet vårt i tett samarbeid med Årdal Energi. I dag er 100% av Årdal utbygd med fiber, og alle har ein sikker tilgang til internett. Årdal har også bygd ut fiber som sikrar to vegar frå Årdal ut på internett. Det er investert i fiber vestover ut til Sogndal og fiber austover over Tyn. Ein skulle tru dette var nok, men digitaliseringa innan næringslivet og spesielt innan industrimiljøet vårt set større krav til kommunikasjonen enn to uavhengige vegar ut frå kommunen. Ein tredje er no må på plass, og den er ein føresetnad for at teknologimiljøet vårt vil kunne utvikle seg vidare i Årdal. Utbygginga har medført tunge finansielle løft for Årdalsnett, men selskapet vil makte dette.

Årdal Utvikling har utsett oppstart av strategiprojekt kulturbasert næringsutvikling til 2020/2021. Det er gjort ein del innleiande førebuingar til prosjektet både i 2018 og 2019. To konkrete etableringsprosjekt vil bli ein del av strategiarbeidet.

- Årdal Industrimuseum AS/Årdal Visningsssenter AS
- o Årdal sin industrihistorie er unik. Det er på tide at denne historia vert dokumentert og gjort synleg for både årdøler og besøkande. Denne etableringa vil skje gjennom eit tett samarbeid med Årdal Sogelag, Hydro, næringslivet, Årdal kommune og kulturressursar i fylkeskommunen.

Visningsssenter. Årdal er i dag eit samfunn der satsing på teknologi er viktig. Å satse på eit senter der kunst møter teknologi er ein spanande tanke.

Arbeidet i 2019 og 2020 vil gje svaret på om desse prosjekta kan realiserast.

- Årdal har eit rikt kulturliv med mange utøvande kunstnarar og mange som har kunst som hobby. Vi ser no på eit prosjekt der vi tek sikte på å arbeide fram eit senter for utøvande kunst. Vi ønskjer å samlokalisere dette med Årdal Industrimuseum/Årdal

Reiseliv

<p>5</p> <p>REISELIV</p>	Forstudie hytteturisme i Årdal	2019	0,2	ÅU
	Forprosjekt sykkelturisme i Årdal	2019	0,1	ÅU/Reiseliv
	Arrangere fagdag "krav til reiselivskommune" for kommune, næringsliv og andre.	2019	0,1	ÅU/ÅN
	Realisere prosjekt Sjøfronten	2019- 2021	0,45	ÅU/Reiseliv
	Utbetre gamlevegen frå Sletterust til 1000m	2019 - 2020	0,3	ÅU

Resultat: Strategipunkt 5 er delvis gjennomført

Årdal Utvikling har no gjennomført 3 år av arbeidet knytt til gjennomføring av strategi for reiseliv. Besøkstala til Årdal viser god framgang. Årdal har framleis ein lang veg å gå innan reiseliv, men vi er optimistiske på at næringa har ei framtid i Årdal.

Vi ser at Årdal har utfordringar med å få på plass næringsaktørar som kan gjennomføre dei ulike aktivitetane i strategien. For å skape eit godt fundament for reiselivssatsinga, vil det vere naudsynt at vi styrkar arbeidet med å få på plass gode strategiar og solid økonomi i dei bedriftene vi har innan reiseliv. Vi må også setje eit sterkare fokus på samhandling mellom reiselivsnæringa og handelsnæringa. Det har vore arbeida med å få på plass eit felles selskap knytt til å utvikle reisemål Årdal og samstundes etablere ei plattform for kommersiell drift. Å etablere bookingsystem av aktivitetar i Årdal vil vere heilt naudsynt. Vi tek sikte på at etablering av Årdal Adventure AS kan realiserast våren 2020.

Prosjektet med å realisere utkikspunkt Vettismorki er inntil vidare lagt på is. Det viser seg at naudsynte avklaringar med grunneigar

og problemstillingar knytt til landskapsverneområde vil ta lang tid å løyse. Prosjektet er difor skyvd til neste planperiode frå 2021. Arrangere fagdag «krav til reiselivskommune» for kommune, næringsliv og andre, vil bli gjennomført i 2020.

Prosjektet med å realisere prosjekt Sjøfronten, vil bli prioritert i 2019 og 2020. Dette inkluderer nytt bygg i Meieriparken og drift av båten Tya. Molo i båthamna skal også setjast i stand.

Forstudie hytteturisme er utsett til 2020/2021. Området som vil bli grunnlaget for arbeidet er Seimsåsen. Vi ser føre oss plan for 50 – 80 hytter, heisanlegg og servicebygg. Området skal utviklast for både vinter- og sommaraktivitetar og utviklast i samarbeid med utviklingsprosjekt sjøfronten og vidare utvikling Ne' fø sjøen. I 2019 vil ein saman med grunneigarar arbeide fram ulike scenario for korleis ei utbygging kan sjå ut. Årdal Utvikling vil delta aktivt i prosjektet med faglege ressursar innan hytteturisme og reiseliv.



Årsrekneskap 2019

Årdal Utvikling | Org.nr: 841843932

Resultatregnskap

	Note	2019	2018
	1		
Faste tilskot		3 200 000	3 200 000
Bedriftsretta tilskot		2 721 611	2 000 000
Sum driftsinntekter		5 921 611	5 200 000
Lønnskostnad	2	2 098 015	1 958 098
Avskrivning varige driftsmidler	3	1 254	0
Bedriftsretta tiltak		1 953 394	1 698 867
Annen driftskostnad	2	1 360 627	849 356
Sum driftskostnad		5 413 289	4 506 321
Driftsresultat		508 321	693 679
Annen renteinntekt		32 149	21 920
Annen finansinntekt		60 126	0
Sum finansinntekter		92 274	21 920
Annen rentekostnad		105	241
Sum finanskostnader		105	241
Sum netto finansposter		92 169	21 680
Ordinært resultat før skattekostnad		600 491	715 359
Ordinært resultat		600 491	715 359
Årsresultat		600 491	715 359
Overført annen egenkapital	6	600 491	0
Overført til udekket tap	6	0	715 359
Sum disponert		600 491	715 359

Balanse

	Note	2019	2018
Eiendeler			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.	3	58 950	0
Sum varige driftsmidler		58 950	0
Finansielle anleggsmidler			
Lån til tilknyttet selskap	7	1 500 000	0
Investeringer i aksjer og andeler	4	290 000	543 125
Sum finansielle anleggsmidler		1 790 000	543 125
Sum anleggsmidler		1 848 950	543 125
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer		18 190	221 539
Andre fordringer		137 888	539 556
Sum fordringer		156 078	761 095
Investeringer			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	2 371 951	452 981
Sum omløpsmidler		2 528 029	1 214 076
Sum eiendeler		4 376 979	1 757 201

Balanse


Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital	6	1 020 000	1 020 000
Sum innskutt egenkapital		1 020 000	1 020 000
Opptjent egenkapital			
Kapitalfond	6	297 052	0
Udekka tap	6	0	-303 439
Sum opptjent egenkapital		297 052	-303 439
Sum egenkapital		1 317 052	716 561
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Annen langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		179 435	633 662
Skyldige offentlige avgifter		138 804	145 712
Annen kortsiktig gjeld		2 741 688	261 266
Sum kortsiktig gjeld		3 059 927	1 040 640
Sum gjeld		3 059 927	1 040 640
Sum egenkapital og gjeld		4 376 979	1 757 201

Årdalstangen,
29.04.2020
Årdal Utvikling


Anne Kauppi
Styreleiar


Jarle Magne Teigen
Nestleder


Arild Hatlelid
Styremedlem


Line Moen
Styremedlem


Morten Skarsbø
Styremedlem


Terje Liaberg
Daglig leder

Noter til årsregnskapet

Note 1 Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven 1998. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder. I utgangspunktet er det reglene for regnskapsoppstilling for små foretak som er benyttet. Stiftinga er ikkje skattepliktig.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld.

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifiseringen av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler avskrives over forventet økonomisk levetid. Avskrivningene er som hovedregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Skatter

Stiftinga er ikkje skattepliktig, og det er difor ikkje noko skattekostnad i rekneskapet.

Note 2 Lønnskostnader mv.

Lønnskostnader mv.

	2019	2018
Løn	1 661 381	1 533 074
Arbeidsgjevaravgift	181 398	170 079
Andre lønsrelaterte ytelsar	35 531	49 165
Pensjonskostnader	192 305	190 163
Andre personalkostnader	27 400	15 618
Totalt	2 098 015	1 958 098

Det har vore 2 årsverk i selskapet i 2019. Løn til dagleg leiar er kr 1 073 626 – og pensjonskostnader til dagleg leiar er kr 128 387,-

Ytelsar til andre:

Styremedlemmer	kr 26 490,-
Revisjonshonorar	kr 31 125,-
Andre honorar revisor	kr 10 000,-

Selskapet har obligatorisk tenestepensjon som stettar kravet i lova.

Note 3 Anleggsmidler

	Datautstyr	Sum
Tilgang/avgang	60 203	60 203
Akk. avskrivninger 31.12.	1 253	1 253
Regnskapsmessig verdi	58 950	58 950
Årets avskrivninger	1 253	1 253
Økonomisk levetid	4 år	

Note 4 Investeringar

Årdal Utvikling hadde pr. 31.12.2019 følgende investeringar:

Selskapsnavn	Aksjekapital	Tal aksjar	Kjøps år	Pålydande	Bokf.verdi
SITEP AS	800 000	190	2018	1000	190 000
Årdal Teknologipark as	100 000	100	2018	1000	100 000
Totalt					290 000

Note 5 Bundne midlar

Bundne midlar avsett til skattetrekk utgjør pr 31.12.2019 kr 85 314. Skuldig skattetrekk er kr 85 314

Note 6 Eigenkapital

Endring egenkapital

	Grunnkapital	Kapitalfond	Udekket tap	Sum
Egenkapital 01.01.	1 020 000		-303 439	716 561
Overskot 2019	0	297 052	303 439	600 491
Egenkapital 31.12.	1 020 000	297 052	0	1 317 052

Note 7 Lån til tilknyttet selskap

Det er ytt eit lån til Årdal Teknologipark as på kr 1 500 000. Lånet skal tilbakebetalast etter avtale, men seinast innan 31.12.2030. Lånet er renterfritt det første året.



Til styret i stiftelsen Årdal Utvikling

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Årdal Utviklings årsregnskap som viser et overskudd på kr 600 491. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2019, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlaget for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har oppfylt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som

grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon om årsregnskapet. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Sogndal, 29. april 2020
Deloitte AS


Anne Britt Hjelmeseiter
Statsautorisert revisor



